



Volda og Ørsta som region og lokalsamfunn

Nokre perspektiv på strategisk samarbeid mellom kommunane Volda og Ørsta



Innhald

Tema for notatet	3
Grunnleggande perspektiv: korleis forstå regional utvikling	3
Volda og Ørsta som region	3
Demografi og sosiale forhold	5
Sosiale forhold	6
Regionen og lokalsamfunna	6
Til ettertanke	7
Referansar	8

Tema for notatet

Notatet er utarbeidd for å peike på og minne om viktige trekk ved utviklinga i Volda og Ørsta, både som region og lokalsamfunn. Tanken er at ein på bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap skal kunne gi eit riss av situasjonen i regionen, mellom anna ved å sette saman tilgjengeleg kunnskap og å løfte fram eksempel. Notatet er såleis ikkje ein brei analyse av situasjonen Volda og Ørsta.

Notatet byggjer på kunnskapsgrunnlag frå tidlegare analysar. Dette inkluderer ulike forskingsbaserte analysar, og analysar av planarbeidet i kommunane. Både Volda og Ørsta har utarbeidd kvar si oversikt over folkehelsa som grunnlag for planstrategi for perioden 2020-2024. Desse dokumenta gir brei innsikt i sentrale utviklingstrekk og utfordringar i dei to kommunane. Notatet du les no har ein annan karakter, og er ein kort gjennomgang av nokre utvalde trekk ved utviklinga i Volda og Ørsta som region og lokalsamfunn.

Notatet skal vere eit grunnlagsdokument i ein prosess der kommunane Volda og Ørsta ønskjer å utvikle det strategiske samarbeidet seg i mellom. Notatet er utarbeidd ved Avdeling for samfunnsfag og historie ved Høgskulen i Volda, og er ført i pennen hovudsakleg av professor Finn Ove Båtevik, med bidrag frå Bjarte Folkestad, Gro Bårdseth og Randi Bergem

Grunnleggande perspektiv: korleis forstå regional utvikling

Regional utvikling handlar mellom anna om forholdet mellom eksterne utfordringar og den regionale responsen på slike utfordringar. Mange av utfordringane i regionar og lokalsamfunn er skapte av eksterne prosessar. Når den såkalla eldrebølgja slår inn for fullt i mange kommunar, er ho primært skapt av prosessar som ligg utanfor den enkelte region og lokalsamfunn. Det lokale handlingsrommet handlar om korleis det enkelte lokalsamfunnet møter slike utviklingstrekk, både på grunnlag av eigne ressursar og i samspel med dei ressursane storsamfunnet har til rådvelde. Det kan såleis vere nyttig å sjå regional utvikling i lys av at dei utfordringane eitkvart lokalsamfunn og region møter, både er påverka av grunnleggande 'trekk' ved måten samfunna er sett saman på (også kalla komposisjonelle trekk), og meir nære og konkrete forhold som pregar omgjevnadane våre (også kalla kontekstuelle trekk) (Macintyre og Ellaway 2000).

Det første kan handle om i befolknings- og næringsstruktur, utdanningsnivå i befolkninga og kulturelle trekk. Slike forhold set rammer for handlingsrommet og utvikling av lokalsamfunn og regionar. Dei representerer både ressursar som lokalsamfunnet kan spele på, men kan også sette grenser for kva som er mogeleg å realisere. Somme løysingar kan vere lokale, men dei vil ofte krevje løysingar, der ressursane som trengst, går langt utover dei ressursane lokalsamfunna sjølve disponerer. Anten det

gjeld befolkningsamansetjing eller næringsstruktur, er endringar ofte resultat av lange utviklingslinjer, gjerne prega av nasjonale og globale utviklingstrekk. Endringar av slike strukturar skjer gradvis, samtidig som endringane ofte er påverka av forhold som ligg utanfor lokal kontroll. Medvit og kunnskap om forhold som er utanfor lokal kontroll, er viktig fordi dei legg føringar for det lokale handlingsrommet. Dei krev også handling, av typen: Korleis skal lokalsamfunnet vårt eller regionen vår møte ein situasjon der for eksempel innslaget av eldre er sterkt veksende?

Meir nære og konkrete trekk (kontekstuelle trekk) har ein litt annan karakter. Det handlar om sosiale og fysiske forhold som pregar lokalsamfunna og regionen, og kan vere kommunikasjonar, bumiljø, møteplassar, institusjonar, helsetilbod, fritidstilbod osv. Dette er forhold der lokale aktørane i større grad påverkar utviklinga av lokalsamfunnet. Slike aktørar kan vere kommunane sjølve eller andre offentlege aktørar i kommunane, det kan vere næringsaktørar og sjølvstøttede aktørar som opptre på vegner av sivilsamfunnet. Alle desse kan ha rolle som samfunnsbyggjarar, anten kvar for seg eller i samarbeid med kvarandre. Tiltaka kan opne opp og vere demokratiske, men også stengje og avgrensar. Små og store val, anten det gjeld tilrettelegging for næringsutvikling, bustadbygging, utvikling av sosiale møteplassar eller anna, pregar lokalsamfunna og regionen både på kort og lang sikt. Planlegging og samordning av prosessar, som skjer lokalt og regionalt, er ein føresetnad for at samfunnsbygginga svarar på dei utfordringane lokalsamfunna og regionen møter. I tillegg er det føremålstenleg å trekkje vekslar på menneskelege og materielle ressursane desse samfunna har.

Volda og Ørsta som region

Volda og Ørsta er klassifiserte som kommunar på sentralitetsnivå 4, og høyrer difor til blant kommunar som Statistisk sentralbyrå reknar som småbykommunar. Dei to kommunane er såleis ikkje typiske distriktskommunar. Då Kommunal- og moderniseringsdepartementet sette ned eit utval for å greie ut konsekvensar av demografiutfordringane i distrikta, var det kommunar på sentralitet 5 og 6 som var utgangspunktet, det vil seie kommunar med lågare sentralitet enn Ørsta og Volda (NOU 2020: 15). Samtidig understrekar utvalet at situasjonen i mange kommunar, også på andre sentralitetsnivå, kan ha mange fellestrekk med situasjonen med kommunane på sentralitetsnivå 5 og 6. Mange norske kommunar har geografiske område prega av det som departementet og utvalet omtalar som demografiutfordringar. Eit eksempel kan illustrere det: Tidlegare Hornindal kommune ville framleis vore klassifisert som distriktskommune viss han ikkje hadde vorte ein del av nye Volda kommune. Ein regional analyse må ha eit perspektiv, der ein ser på både spennet og variasjonen i ein

region, samtidig som ein ser sampelet mellom regionen og verda rundt. Det strategiske samarbeidet mellom Volda og Ørsta handlar difor om meir enn dei to største tettstadane. Det handlar sjølvsagt også om dei ressursane som heile regionen representerer.


Volda og Ørsta er definert som ein økonomisk region. Regionen er prega av tett integrasjon. Korte avstandar og mykje pendling mellom dei to tettstadane Volda og Ørsta, og fleire felles regionale funksjonar er uttrykk for det. Som økonomisk region er Volda og Ørsta tett integrert både som bu- og arbeidsmarknad og gjennom mange regionale funksjonar, som sjukehus, høgskule, trafikkstasjon og flyplass. Nedslagsfeltet for fleire av desse funksjonane er større enn grensene for Volda/Ørsta-regionen tilseier. Det siste gjeld sjølvsagt ikkje minst Høgskulen i Volda med stor rekruttering frå heile Sunnmøre og frå Nordfjord, i tillegg til studentar utan tilknytning til regionen. Nokre funksjonar har regionen som nedslagsfelt, som politi og renovasjonsverket. I andre enden av skalaen finn vi institusjonar som primært fyller nasjonale funksjonar. Lånekassen er eksempel på det siste. Lokaliseringa er då bestemt ut frå politiske vedtak om utflytting av statlege arbeidsplassar frå sentrale strom. I det siste tilfellet handlar det mellom anna kva regionen kan «tilby», for eksempel gjennom tilgang på arbeidskraft med relevant kompetanse.

Innslaget av institusjonar med regionale og nasjonale funksjonar gir - saman med bedrifter som opererer både på ein regional, nasjonal og global marknad - regionen ein brei kompetanseprofil, som representerer arbeidskraft både med høgare utdanning og med fagutdanningar.

Vi meiner at utstrekninga på den økonomiske regionen er definert snevert, ikkje minst sett i lys av endringane i kommunikasjonane etter tusenårsskiftet. Eiksundssambandet og Kvivsvegen er sjølvsagt sentrale her. Analysar av desse store vegprosjekta illustrerer både konsekvensane av utvidinga av regionen, den sentrale plasseringa til Volda og Ørsta i denne regionen, og styrkinga av den regionale funksjonen til desse kommunane i etterkant av utbyggingane (Båtevik 2011, Båtevik, Dvergsdal og Krumsvik 2012, Straume 2015). Styrkinga av handelen i kommunane, gjennom etablering av nye aktørar, kraftig vekst i passasjergrunnlaget for den regionale flyplassen og styrking av grunnlaget for lokalsjukehuset, er viktige eksempel. Det same gjeld utveksling av ulike typar kompetansearbeidskraft. Samtidig ser ein andre endringar

i regionen. Ikkje minst gjeld det «fritidsmarknaden», med hyttebygginga i indre fjordstrøk som eit tydeleg eksempel. Grunnlaget for regionutvikling, som resultat av dei store vegsambanda, er sjølvsagt ikkje eit uttømt potensial, og vil vere viktig premis for vidare utvikling av dei kommunane Volda og Ørsta, og i regionen samla.

Volda og Ørsta er ein region med 20 000 innbyggjarar, men som økonomisk region er dei to kommunane del av ein større region på rundt 60.000 innbyggjarar (figur 1). Det er viktig å vere klar over kva som kjenneteiknar det som vert



Figur 1. Eiksund-regionen. Sirkelen med den tjukkaste raude streken illustrerer kjerneområdet i Eiksund-regionen. Kjelde: Jørgen Amdam.

omtalt som Eiksund-regionen. Kommunane Volda og Ørsta er sentralt plasserte i den regionen, men utan å representere eit klart definert «tyngdepunkt». Slik sett er Volda og Ørsta meir midtpunkt enn tyngdepunkt. Det er snakk om ein region prega av fleire tyngdepunkt og ei «arbeidsfordeling» mellom ulike delar av storregionen, både når det gjeld innretninga på næringslivet og fordelinga av regionale funksjonar. I tillegg er regionen administrativt er todelt, i og med at nokre av funksjonane, som ligg i Ørsta/Volda, også dekkjer kommunar i Vestland fylke. Flyplassen er eit eksempel på det. Det same gjeld delar av detaljhandelen.

Styrkane til den «nye» regionen er fleire, ikkje minst med tanke på grunnlaget for å oppretthalde, styrke og kanskje også legge til rette for nye regionale funksjonar. Likeins er grunnlaget for tilgang til kompetanse og utveksling av arbeidskraft styrka av regionutvidinga.

Men ein bør vere særleg merksam på korleis ein **utøver regionalt leiarskap** i regionar der det ikkje er eit klart og

definert tyngdepunkt. Ein slik situasjon føreset samarbeid og heilskaplege tilnærmingar. Det gjeld Søre Sunnmøre spesielt, og behovet for eit nært samarbeid med deler av Nordfjord. Som region er heile Nord-Vestlandet prega av mange små og litt større senter med ulike regionale funksjonar, og ingen klart dominerande byregion som nav i regionen. Det treng ikkje vere eit problem, men krev andre løysingar enn regionar der arbeidsdelinga mellom eit klart definert senter og tilhøyrande omland er meir opplagt. Det er likevel nødvendig å vere bevisst på at dette er eit viktig premiss for utviklinga av regionen og at det set særleg krav til samarbeidet på tvers av kommunegrensene. Eit samarbeid mellom Volda og Ørsta blir særleg viktig i den nye storregionen. Den sentrale plasseringa kommunane og dei to tettstadane har både med tanke på viktige kommunikasjonsårer nord-sør og aust-vest, gjer at desse samla sett utgjer «den fjerde byen» i Møre og Romsdal. Volda og Ørsta har difor potensial til å vere navet i Eiksund-regionen. Dette føreset eit godt samarbeid mellom dei to kommunane, men også det å kunne utøve leiarskap som medverkar til utvikling i heile regionen.

Kort oppsummert: Kommunane Volda og Ørsta er prega av endringane som har skjedd som følge av dei to store vegprosjekta – Eiksundsambandet og Kvivsvegen - som har opna regionen både austover og vestover. Endringar vil prege utviklinga vidare, og dei gir eit anna **handlingsrom** for kommunane og regionen enn kva som elles hadde vore tilfelle. **Samarbeid** er ein viktig inngang til utnytting av handlingsrommet.

Demografi og sosiale forhold

Utviklinga i folketalet i Volda og Ørsta er prega av nasjonale utviklingstrekk. Eit sentralt stikkord for den demografiske utviklinga i Noreg er sentralisering. Både flyttemønster og den regionale fordelinga av fødslar er påverka av dette. Det innanlandske flyttemønsteret reflekterer langt på veg det som skjer gjennom etableringsprosessen, med ei geografisk omfordeling av ungdom frå dei er 15-åringar til dei er 35-åringar. Mange kommunar opplever fråflytting, men også mykje tilflytting av personar i desse aldersgruppene. I nokre kommunar blir tilflyttarane verande. Her er dei mest sentrale kommunane i landet utan tvil dei største vinnarane. Andre kommunar er derimot prega av sterk «gjennomtrekk» og mykje vidareflytting. Å kunne vere attraktiv for tilflytting, og å legge godt til rette for innflyttarar - både tilbakeflyttarar og nye i kommunen – er ofte ein viktig forskjell mellom kommunar. Her kan det vi tidlegare har kalla kontekstuelle faktorar bety mykje, anten det handlar om kommunikasjonar, bumiljø, møteplassar, kulturtilbod, helsetilbod, fritidstilbod eller andre forhold.

Ein viktig motor i flytteprosessane handlar om at utdanningssamfunnet etterspør meir spesialisert kompetanse. Noko som gir mobilitet i befolkninga. For mange i etableringsfasen er det i første omgang eit utdanningsval meir enn eit bustadval. I neste omgang handlar det om kvar ein kan omsette utdanningsvalet i relevant arbeid, og å få det valet til å gå i hop med andre val i etableringsprosessen.

Den andre faktoren som påverkar folketalsutviklinga er endringar i fødselsoverskotet. Også her ser vi ei utvikling som primært er resultat av langvarige utviklingstrekk. Fertiliteten, målt som tal barn for kvar kvinne i fødedyktig alder, har vorte redusert over lang tid. Samtidig har flytteprosessane, som har prega utviklinga over lang tid, ført til at barne- og ungdomskulla har vorte meir sentraliserte. Dei som blir foreldre bur meir sentralt, og dermed gjer ein større del av den oppveksande slekt det same.

Volda og Ørsta har unngått dei mest dramatiske konsekvensane av denne utvikling. Regionen har moderat folkevekst i nasjonal målestokk, og fødselsoverskot. Dette heng naturleg saman med den posisjonen regionen og kommunane har med **viktige regionale funksjonar og ein relativt breitt samansett arbeidsmarknad**, i alle fall jamført med meir typiske distriktskommunar.

Eit tredje utviklingstrekk, som pregar befolkningsutviklinga, er innvandring. Innvandring har stått for ein vesentleg del av befolkningsveksten i Noreg i perioden etter tusenårsskiftet. Opninga av den europeiske arbeidsmarknaden er ein viktig faktor, ikkje minst for utviklinga på Vestlandet (jf. for eksempel Båtevik mfl. 2019). Innvandringa har tilført, ikkje berre arbeidskraft, men også kompetansearbeidskraft til distrikta (Båtevik og Grimsrud 2017). Det inkluderer ingeniørar og fagarbeidarar i industrien, men også kompetansearbeidskraft i offentleg sektor. Innvandringa har også gitt tilgang til nye innbyggjarar i Volda og Ørsta, sjølv om omfanget på innvandring til desse kommunane har vore moderat samanlikna med kommunar i Møre og Romsdal elles og med tal frå resten av landet.

Befolkningsutviklinga er preg av tunge trendar og strukturar (komposisjonelle trekk), der ein også på nasjonalt nivå må jobbe langsiktig om ein skal endre føresetnadar som viser att i reelle tal. Det gjeld både flyttemønster og ikkje minst fødselstal. Det er nok lita hjelp i at statsministeren i nyårstalen oppmodar unge om å få fleire barn. Derimot er innvandringstala meir skiftande og gir meir rom for kontekstuelle tilnærmingar. All tilflytting, både frå inn og utland har eit slikt potensial. Det er først og fremst her dei enkelte kommunane har eit reelt handlingsrom.

Norske distriktskommunar har, med vekslende innsats, arbeidd for å legge til rette for innvandrarak som har kome til bygda (jf. for eksempel Grimsrud og Båtevik 2016). For Volda og Ørsta må det i denne samanhengen vere særleg relevant å merke seg det som står i rapporten «Regionale utviklingstrekk 2021» (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2021). Med referanse til analysar av innlands flytting frå fylte 15 år til fylte 35 år, er det berre kommunar på sentralitet 1 og 2 som har netto overskot av 35-åringar som var busette i Noreg som 15-åringar. Dette er utslag av tilflytting til storbyområda, primært til Oslo-regionen, og dreiar seg i tillegg i stor grad om personar med høgare utdanning. Dette er til lite hjelp for kommunar som Volda og Ørsta. Det som står vidare i rapporten er meir interessant for kommunar som Volda og Ørsta, som begge er kommunar på sentralitetsnivå 4: «For sentralitetsnivå 4 balanserer innvandringen netto innenlandsk utflytting blant personer med høgere utdanning» (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2021, 119). I praksis betyr dette at **innvandring** kan vere vesentleg for å **oppretthalde kompetansenivået** i regionar som våre. Mange regionale funksjonar vil nettopp vere avhengig av tilgang på slik kompetanse.

Sosiale forhold

Til liks med store delar av Vestlandet og Midt-Noreg er sysselsettinga høg i Volda og Ørsta (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2021), og det er relativt få uføretrygda i dei to kommunane. Befolkninga i både Volda og Ørsta har ei medianinntekt over landsgjennomsnittet (Volda kommune 2020, Ørsta kommune 2020). Samtidig er det ein forskjell mellom dei to kommunane med tanke på innslaget av barn og unge som bur i hushald med låg inntekt. Medan Ørsta kommune ligg jamt under landsgjennomsnittet, viser analysane at Volda ligg relativt høgt. Det gjeld særleg hushald i aldersgruppa 18-44 år, der 15,4 prosent av hushalda i Volda var registrerte som låginntektshushald i perioden 2016-18 (Volda kommune 2020, 25-27). Landsgjennomsnittet var 12,8. Låg hushaldsinntekt i desse aldersgruppene gir også risiko for barnefattigdom.

Inntektsforskjellar og innslaget av hushald med låg inntekt er vesentlege indikatorar for situasjonen i eit lokalsamfunn, mellom anna på grunn av det nære forholdet mellom inntektsforskjellar, levealder, helse og utanforskap (Wilkinson & Pickett 2010).

Jamt over er dei sosiale forskjellane små både i Noreg og i vår del av landet. Men ein må sjølvsagt vere merksam på endringar og kva desse er uttrykk for. Når det gjeld utviklinga i Volda er det nærliggande å tenkje seg at det

er ein samanheng mellom barnefattigdom og det å skulle vere vertskap for mange studentar. Det at mange studentar har vore oppmoda til melde flytting til Volda dei siste åra, kan påverke statistikken. Låginntekt i hushalda blir målt som vedvarande låg inntekt over tre år. Mange studentar bur her over lang tid og har relativt låg inntekt. Gitt at bakgrunnen for endringane i Volda kan knytast til statusen som «studentbygda», kan dette vere ei nyttig påminning om eitt av særtrekka ved eit samfunn som Volda. I funksjonen som utdanningsstad, er ein også vertsstad for hushald som i utgangspunktet kan vere mindre **integrerte i lokalmiljøet**. Med integrasjon av nye innbyggjarar tenkjer ein ofte primært på innvandrarak. Men også andre kjem som tilflyttarak for ein kortare eller lengre periode. For studentar, som kjem med eigne barn til regionen, er integrering i lokalsamfunnet gjerne vel så viktig som det å bli integrerte i studentmiljøet.

Ordningar for å sikre integrering av barn av låginntektsfamiliar er eit særleg ansvarsområde for kommunar som husar større utdanningsinstitusjonar. Gode oppvekstmiljø tener alle, anten dei er innom kommunen nokre år eller dei bur på staden gjennom heile oppveksten. Det vil tene alle, anten dei blir buande i regionen seinare, eller kan fungere som «ambassadørar» for staden der dei har budd i lengre eller kortare delar av eigen barndom.

Såleis kan tiltak for å bøte på konsekvensane av barnefattigdom vere verdifulle, også for samfunnet. Her er det vist til konkrete tiltak i folkehelseoversiktene frå kommunane som eit steg på vegen, som BUA-sentral for utlån av sportsutstyr, fritidskort (Volda kommune 2020, 17) og redusert foreldrebetaling i barnehagen (Ørsta kommune 2020, 13).

Regionen og lokalsamfunna

Over 80 prosent av befolkninga i Noreg bur i tettstader (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2021). Mange av tettstadane i landet er større eller mindre kommunesenter eller tidlegare kommunesenter. Fleire kommunesenter har ulike regionale og nasjonale funksjonar. Det gjeld både Volda og Ørsta. Elles består Noreg av ei rekkje mindre tettstader og lokalsenter, der mange ligg i omland til større byar og andre større tettstadar. I tillegg til tettstadane Volda og Ørsta, har regionen tre lokalsenter som også er rekna som tettstader. Mork representer ein slik tettstad, som har vakse fram i nærlandet til begge dei to kommunesentera. Grodås, som i tillegg til å vere eit tidlegare kommunesenter, kan reknast som eit lokalsenter som samtidig har ein posisjon som nærmland både til Volda og Stryn. I tillegg er også Vartdal tettstad i Ørsta. Vidare har kommunane ei rekkje lokalsenter med fungerande fellesinstitusjonar og eige næringsliv. Folkestad og Sæbø utgjer, saman med fleire andre, slike lokale nav i lokalsamfunna.

Samla har dei fem tettstadane i regionen (slik SSB definerer det er Ørsta, Volda, Grodås, Mork og Vartdal slike tettstader) vel 15.000 innbyggjarar. Det vil seie at 72 prosent av befolkninga i regionen bur i desse tettstadane (Statistikkbanken, Statistisk sentralbyrå). Det betyr også at meir enn kvar fjerde innbyggjar bur utanfor desse tettstadane.

Breidda i tilgang til tenester er sterkt avhengig av om ein er busett i sentrumsområda eller andre område i regionen. Samtidig representerer også bygdene levande lokalsamfunn. Det er snakk om fleire samfunn der lokalinstitusjonar som butikk, skule og ein aktiv frivillig sektor er ein viktig del av den sosiale limen.

Behovet for at «den sosiale limen» fungerer, ser vi uttrykk for både i utkantane og i sentrumsområda. I skrivande stund markerer ein 50 års jubileum for Ørsta/Volda lufthamn. Flyplassen ligg sentralt plassert i mellom dei to tettstadane. Det har skjedd mykje både i tettstadane og i området mellom dei i løpet av dei femti åra som har gått sidan 1971. Utbygginga av tettstadane og området mellom handlar i stor grad om utvikling av regionale funksjonar, som handel og utbygging av offentlege institusjonar. Utbygginga i grenseområdet mellom dei to kommunane frå flyplassområdet mot Furene er eit døme. Utbygginga på høgskuleområdet er eit anna. I tillegg er utbygginga av «fritidssamfunnet» også synlege i dei to tettstadane. Her har ikkje minst frivillig sektor spelt ei viktig rolle, slik dei nye idrettshallane i dei to tettstadane er uttrykk for. **Potensialet for samarbeid mellom frivillig og offentleg sektor** viser att på fleire måtar. Sjølv når kommunane skal bygge vern mot flaum og fonn, kan det gi opningar for turvegar og bli ein del av folkehelsearbeidet. Koordinert med satsingar frå regionale aktørar som Sunnmøre friluftsråd og satsinga på «Stikk ut», er det uttrykk for samarbeid der ulike aktørar på ulike nivå bidreg både til regional utvikling og styrking av folkehelsa.

Som lokalsamfunn har dei to største tettstadane i regionen vore gjennom ei kraftig endring, som også inneber at aktivitetar og funksjonar har vorte borte. Hovudbiletet er likevel at Volda og Ørsta er lokalsamfunn i sterk vekst. Veksten har også kome dei mindre lokalsamfunna i regionen til gode på nokre område, men vil også kunne medverke til å tappe desse for aktivitetar og funksjonar. Sett i lys av at den eldre delen av befolkninga kjem til å vekse i distrikta dei neste 20 åra, kan det vere ekstra viktig å vere merksam på situasjonen på bygdene. Det er på bygdene det relative innslaget av eldre er størst. Samtidig er småsamfunna også oppvekststad for nye generasjonar unge og lokalitetar for viktig økonomisk aktivitet. Å utvikle løysingar for å **sikre funksjonar** som er viktige for fellesskapet og aktivitetar

på bygdene er ei utfordring, som også demografutvalet er opptekne av (NOU 2020). Samarbeid med lokale aktørar, anten det er den lokale butikkdrivaren eller frivillige, kan vere ein nøkkel for å finne løysingar.

Til ettertanke

Målsetjinga med notat har primært vore å minne om nokre sentrale trekk ved Volda og Ørsta, både som ein samla region og som samansett av mange små og større lokalsamfunn. Gjennomgangen gir likevel grunnlag for nokre spørsmål til ettertanke og vidare diskusjon. Til dømes:

- Kva potensial for vidare utvikling av regionen ligg det i dei store kommunikasjonsprosjekta Eiksundsambandet og Kviven-sambandet?
- Kva potensial for vidare utvikling ligg i kompetanseinstitusjonane i regionen, samtidig som ein må sikre tilstrekkeleg tilgang på kompetansesarbeidskraft både til privat og offentleg sektor?
- Er god integrering av tilflyttarar, både frå Noreg og resten av verda ein vel så viktig strategi, som å legge mykje arbeid i å prøve å lokke til seg ungdom som har flytta frå regionen? Skal kommunane ta lærdom av at kommunar av typen Volda og Ørsta (sentralitetsnivå 4) ser ut til å kunne styrke tilgangen til kompetansesarbeidskraft gjennom innvandring?
- Korleis kan kommunane arbeide for å hindre barnefattigdom, og i verste fall svekt sosial integrering av barn frå låginntektsfamiliar i lokalsamfunna? Er det for eksempel behov for større medvit om at regionen hyser mange studentfamiliar, og at dette stiller særlege krav til integreringsarbeidet i regionen?
- Korleis balansere ei god utvikling i samspelet mellom dei mange mindre lokalsamfunna i regionen og sentralaksen knytt til tettstadane Volda og Ørsta?

Referansar

- Båtevik, F. O. (2011). *Ny region i emning – frå Runde til Videsæter gjennom Eiksund og Kviven*. Volda: Møreforskning.
- Båtevik, F. O., Dvergsdal, G. (2012). Veg- og regionbygging i Eiksund-regionen. *Plan*, Vol.44 (5), 22-27
- Båtevik, F. O., Dvergsdal, G. og Krumsvik, E. (2012). *Ørsta, regionen og Eiksundsambandet*. Volda: Møreforskning.
- Båtevik, F. O., Gjerstad, B., Grimsrud, G. M., Johannessen, Ø. L., Netteland, G., Nødland, S. I., Prøitz, L., Skeie, G. og Vedøy, G. (2019). Gjestar som blir? Arbeidsinnvandring som utfordring for kommunar på Vestlandet. *Tidsskrift for velferdsforskning*, Vol.22 (4), 285-297.
- Båtevik, F. O. og Grimsrud, G. M. (2017). Nye sentrum–periferi-mønster? Tilgang til kompetanse gjennom arbeidsinnvandring. I: Bjørhusdal, Eli, Andersen, John Roger, Nesse, Jon Gunnar og Årethun, Torbjørn (Red.). *Immateriell kapital*, 49-68. Oslo: Uninversitetsforlaget.
- Grimsrud, G. M og Båtevik, F. O. (2016). Velkommen til bygda? Tilflyttingsarbeidets tvetydighet. I: Lokalsamfunn, 283-302. Cappelen Damm Akademisk 2016.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2021). Regionale utviklingstrekk 2021.
- Macintyre, S. og Ellaway, S 2000 Ecological Approaches: Rediscovering the Role of the Physical and Social Environment. In: Berkman, L. F & Kawachi, I (Eds.). *Social Epidemiology*. Oxford University Press, Incorporated.
- NOU 2020: 15. Det handler om Norge – Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene. Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Straume, K. (2015). *Den nye regionen. Frå Runde til Videsæter*. Volda: Møreforskning.
- Wilkinson, R. og Pickett, K. (2010). *Ulikhetens pris*. Res publica.